

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2015/919****2021/EØS/17/03**

av 12. juni 2015

**om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES***[meld under nummeret K(2015) 3892](\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 1 og 3,

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 4 andre leddet andre punktumet og artikkel 6 nr. 5,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsvedtak 2009/821/EF<sup>(4)</sup> er det fastsett ei liste over grensekontrollstasjonar som er godkjende i samsvar med direktiv 91/496/EØF og 97/78/EF. Denne lista er ført opp i vedlegg I til det nemnde vedtaket.
- 2) Belgia har meldt frå om at kontrollsentret Flight Care ved grensekontrollstasjonen ved lufthamna Brussel-Zaventem er lagt ned. Danmark har meldt frå om at grensekontrollstasjonen ved hamna i Aalborg 1 (Grønland hamn) 1 er vorte lagt ned. Tyskland har meldt frå om at kontrollsentret Burchardkai ved grensekontrollstasjonen ved Hamburg Hafens er vorte lagt ned. Lista over postar for desse medlemsstatane i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 3) Tyskland har meldt frå om at det er skipa eit nytt kontrollsentret ved grensekontrollstasjonen i hamna i Bremen, og Nederland har meldt frå om at det er skipa eit nytt kontrollsentret ved grensekontrollstasjonen i hamna i Amsterdam. Lista over postar for desse medlemsstatane i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 4) Hellas, Italia, Latvia og Det sameinte kongeriket har meldt frå om at postane for grensekontrollstasjonane i Idomeni i Hellas, Roma-Fiumicino i Italia, Riga (*lufthamn*) og Riga (BFT) i Latvia og Gatwick i Det sameinte kongeriket bør endrast i lista over grensekontrollstasjonar i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF.
- 5) Spania har meldt frå om at eit kontrollsentret i Vigo hamn bør strykast frå lista over postar for Spania, og godkjenninga av to kontrollsentret i den same hamna bør opphevast mellombels. Nederland har meldt frå om at grensekontrollstasjonen i Vlissingen bør strykast frå lista over postar for Nederland. Det sameinte kongeriket har meldt frå om at grensekontrollstasjonen i Manston bør strykast frå lista over postar for Det sameinte kongeriket. Lista over postar for desse medlemsstatane i vedlegg I til vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 149 av 16.6.2015, s. 15, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 235/2015 av 30. oktober 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 38 av 22.6.2017, s. 3.

(1) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

(2) TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56.

(3) TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

(4) Kommisjonsvedtak 2009/821/EF av 28. september 2009 om utarbeiding av ei liste over godkjende grensekontrollstasjonar, om fastsetjing av visse reglar for dei inspeksjonane som veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal utføre, og om fastsetjing av veterinæreiningar i TRACES (TEU L 296 av 12.11.2009, s. 1).

- 6) I vedlegg II til vedtak 2009/821/EF er det ført opp ei liste over sentrale einingar, regionale einingar og lokale einingar i det integrerte veterinærdatasystemet (TRACES).
- 7) På grunnlag av meldingar frå Italia og Nederland bør det gjerast visse endringar for desse medlemsstatane i den lista i vedlegg II til vedtak 2009/821/EF over regionale og lokale einingar i TRACES.
- 8) Vedtak 2009/821/EF bør difor endrast.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. juni 2015.

*For Kommisjonen*  
Vytenis ANDRIUKAITIS  
*Medlem av Kommisjonen*

## VEDLEGG

I vedlegg I og II til vedtak 2009/821/EF vert det gjort følgjande endringar:

1) I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Belgia, skal posten for Brussel-Zaventem lyde:

«Brussel-Zaventem Bruxelles-Zaventem	BE BRU 4	A	Flight Care 2	NHC(2)	U, E, O
			Avia Partner	HC(2)	
			WFS	HC-T(2)	
			Swiss Port	HC(2)»	

b) I den delen som gjeld Danmark, går posten for hamna i Aalborg 1 (Grønland hamn) 1 ut.

c) I den delen som gjeld Tyskland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for hamna i Bremen skal lyde:

«Bremen	DE BRE 1	P		HC, NHC	
			Holzhafen	NHC-NT»	

ii) Posten for Hamburg Hafem skal lyde:

«Hamburg Hafem	DE HAM 1	P	Altenwerder Kirchtal	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Reiherdamm	HC, NHC-T(FR), NHC-NT»	

d) I den delen som gjeld Hellas, skal posten for jarnbana i Idomeni lyde:

«Idomeni	GR EID 2	F		HC(2)»	
----------	----------	---	--	--------	--

e) I den delen som gjeld Spania, skal posten for hamna i Vigo lyde:

«Vigo	ES VGO 1	P	T.C. Guixar	HC, NHC-T(FR), NHC-NT	
			Frioya	HC-T(FR)(2)(3)	
			Frigalsa(*)	HC-T(FR)(2)(3)(*)	
			Pescanova	HC-T(FR)(2)(3)	
			Fandicosta(*)	HC-T(FR)(2)(3)(*)	
			Frig. Morrazo	HC-T(FR)(3)»	

f) I den delen som gjeld Italia, skal posten for lufthamna Roma-Fiumicino lyde:

«Roma-Fiumicino	IT FCO 4	A	Alitalia Società Aerea Italiana	HC(2)	
			FLE	HC(2), NHC(2)	
			Isola Veterinaria ADR		U, E, O»

g) I den delen som gjeld Latvia, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for lufthamna i Riga (lufthamn) skal lyde:

«Riga (lufthamn)	LV RIX 4	A		HC(2), NHC(2)»	
------------------	----------	---	--	----------------	--

ii) Posten for hamna i Riga (BFT) skal lyde:

«Riga (BFT)	LV RIX 1b	P		HC(2)»	
-------------	-----------	---	--	--------	--

h) I den delen som gjeld Nederland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for hamna i Amsterdam skal lyde:

«Amsterdam	NL AMS 1	P	Cornelis Vrolijk	HC-T(FR)(2)(3)	
			Daalimpex, Velsen	HC-T	
			PCA	HC(2), NHC(2)	
			Kloosterboer Ijmuiden	HC-T(FR)	
			Blankendaal Coldstores, Velsen	HC-T(FR)(2)»	

ii) Posten for hamna i Vlissingen skal lyde:

«Vlissingen	NL VLI 1	P	Kloosterboer Finlandweg	HC(2), NHC-T(FR)(2)»	
-------------	----------	---	-------------------------	----------------------	--

i) I den delen som gjeld Det sameinte kongeriket, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for lufthamna i Gatwick skal lyde:

«Gatwick	GB LGW 4	A	IC 1		O(14)
			IC 2	HC(1)(2), NHC(2)»	

ii) Posten for lufthamna i Manston går ut.

2) I vedlegg II vert det gjort følgjande endringar:

a) I den delen som gjeld Italia, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for den lokale eininga «IT01008 RAVENNA» skal lyde:

«IT01008	AZIENDA USL DELLA ROMAGNA»
----------	----------------------------

ii) Posten for den lokale eininga «IT00306 ALTO FRIULI» skal lyde:

«IT00306	ALTO FRIULI-COLLINARE-MEDIO FRIULI»
----------	-------------------------------------

iii) Posten for den lokale eininga «IT00206 ISONTINA» skal lyde:

«IT00206	BASSA FRIULANA-ISONTINA»
----------	--------------------------

iv) Posten for den lokale eininga «IT00406 MEDIO FRIULI» skal lyde:

«IT00406	FRIULI CENTRALE»
----------	------------------

v) Posten for den lokale eininga «IT01209 VIAREGGIO» skal lyde:

«IT01209	VERSILIA»
----------	-----------

vi) Posten for den lokale eininga «IT01705 ESTE MONSELICE MONTAGNANA» skal lyde:

«IT01705	MONSELICE»
----------	------------

vii) Postane for dei følgjande lokale einingane går ut:

«IT01315	SALERNO 3»
IT01208	CESENA»
«IT01108	FORLÌ»
«IT01308	RIMINI»
«IT00506	BASSA FRIULANA»
«IT00916	FG/3»

b) I den delen som gjeld Nederland, vert det gjort følgjande endringar:

i) Posten for den sentrale eininga «NL00000 NVWA» skal lyde:

«NL00000	NEDERLANDSE VOEDSEL- EN WARENAUTORITEIT»
----------	--

ii) Posten for den regionale eininga «NL00001 NVWA NOORD» skal lyde:

«NL00001	NEDERLANDSE VOEDSEL- EN WARENAUTORITEIT»
----------	--

iii) Postane for dei følgjande regionale og lokale einingane går ut:

«NL01201	LVE NOORD
NL00002	NVWA NOORDWEST
NL01302	LVE NOORDWEST
NL00003	NVWA OOST
NL01403	LVE OOST
NL00004	NVWA ZUID
NL01504	LVE ZUID
NL00005	NVWA ZUIDWEST
NL01605	LVE ZUIDWEST»